

## Beskjeder:

Førre veke gjekk 1. trinn tur opp til Kleivane. Det var ein lengre tur enn vi har gått før, men elevane var finke! På vegen opp fekk vi sjå fleire fuglar og høyrde fuglelydar. Det var spennande å prøve og lytte ut kva fugl som song.

På torsdag kjem førskuleborna på besøk til 1. trinn. Vi skal jobbe med praktisk matematikk, ete lunsj og leike saman ute på lilleplassen. Det er viktig at alle er kledd etter vêret. Vi gler oss!

Elevane jobbar godt med leksene heime og de føresette gjer ein god jobb med å støtte dei! Mange har blitt flinke til å skrive dei små bokstavane og fleire har byrja med å skrive lengre setningar. Dei små bokstavane er noko vi øver mykje på og det er difor fint om de som føresette hjelper elevane til å bruke dei små bokstavane når elevane gjer skriveoppgåva i den grønne skriveboka si.

Salto lesebok skal vere med på skulen til tysdag og torsdag for gjennomgang av leseleksa, men kan elles ligge heime dei andre dagane. Slik blir det lettare i sekken for elevane. 😊



Ikkje minst - Velkommen til utviklingssamtalar til dykk som skal ha denne veka! 😊

**Ha ei fin veke, helsing Sarita, Linn Elise og Nina**



Sjekk dei flotte bileta 1. trinn laga førre veke.

Dette jobbar vi med denne veka:	
<b>NORSK</b>	<b>Bygge, snikre, mekke</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eg øver på å skrive bokstavane riktig.</li> <li>Eg øver meg på å skrive korte tekstar som andre kan lesa.</li> <li>Eg øver meg på å skrive ord og setningar til bilete.</li> </ul>
<b>MATTE</b>	<b>Tala til 20</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eg kjenner til tala 11-20 og øver meg på å forme dei rett.</li> <li>Eg øver meg på å finne rett mengd til rett symbol.</li> <li>Eg kan telje baklengs frå 20.</li> </ul>
<b>SOSIALT</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eg vel ein TL-aktivitet før eg går ut i storefri.</li> <li>Eg øver meg på å samarbeide med alle i klassen.</li> </ul>

	Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
<b>NORSK</b> 	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 86 eller s. 87. Gjer skriveoppgåva på s. 85.	Les ★ ☾ eller ☀ på s. 84 eller s. 85 . Øv på å lesa med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les.	Les s. 88, åleine eller saman med ein vaksen.	Les s. 88 åleine eller saman med ein vaksen . Øv på å lesa eit av avsnitta med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les.
<b>MATTE</b> 			Gjer s. 114 og 115.	
<b>Hugs:</b>	Gymsko! 😊	Uteskule, kle deg etter veret. Leksebøker kan ligge heime!	Lever inn tom meldemappe og leksebøker.	